

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 8. februar 2021
Tid: kl. 13.00
Sted: digitalt møte - TEAMS møteportal

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

I samsvar med dei gjeldande nasjonale retningslinjene for smittervernomsyn blir møtet digitalt.

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at varamedlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektør/kommunalsjef er invitert i sak 2

SAKLISTE:

01/21 Godkjenning av protokoll frå møte 23.11.21

02/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse, omsorg og sosial

03/21 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Trygt og godt skulemiljø»

04/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken

05/21 Årsmelding for kontrollutvalet 2020

06/21 Referat- og orienteringssaker 08.02.21

Ymse

Aksdal, 01.02.21

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar (sign.)

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (invitert i sak 2)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	08.02.21	01/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.11.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 23.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll får møte 23.11.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 23.11.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 01.02.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Måndag **23. november 2020** blei det halde digitalt møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Teamsmøte
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.40
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Øyvind Kaldheim (Krf) og Kjetil Winterthun (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. vara Andreas Grumheden (Ap)
FORFALL:	Nina Vierdal Vee (Sp), Ragni Sunniva Fett (V), 2. vara Solveig Hetleflåt (H) og 3. vara Gunnar S. Løhaugen (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen og forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal - Deloitte
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Bjørn Tollefsen og kommunalsjef oppvekst og kultur Mona R. Sævik i sak 22. Økonomisjef Filippo Ballarin
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 21/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.09.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 21.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 21.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 22/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF OPPVEKST OG KULTUR

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for oppvekst og kultur om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Kommunalsjef oppvekst og kultur Mona R. Sævik orienterte og viste ein presentasjon. Ho gjorde greie for barnehagane (3), skulane (2) og kulturskulen. Dei samarbeida med fleire organ som til dømes PPT, barnevern og Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Sistnemnde hadde vore til god nytte i fasen som ny i stillinga.

Kommunalsjefen var oppteken av å skapa eit godt skulemiljø, med motiverte og engasjerte tilsette, for å oppnå gode resultat. Resultata frå nasjonale prøvar og andre måltal var bra, men kan bli endå betre. Ho gjorde greie for framtidige utfordringar, og ulike tiltak som skal være med på å styre utviklinga. Mellom anna ei «trapp» som viste ulike tiltak fram mot 2025.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om rekruttering til kulturskulen, FOS og bruk av måltal.

Leiar takka for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for oppvekst og kultur om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 23/20 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektettil neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Sekretær innleia om saka. «Trygt og godt skulemiljø» var prioritert på fyrste plass i ny plan for forvaltningsrevisjon. Utvalet var samd om å velja dette prosjektet.

Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal gjorde kort greie for aktuelle problemstillingar. Ho noterte seg innspel frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Trygt og godt skulemiljø» til neste møte.

SAK 24/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2019 – REVISOR SI ATTESTASJONSUTTALE

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen orienterte. Ho gjorde greie for at etterlevingskontroll var ei ny oppgåve for revisor, etter ny kommunelov. Revisor forklarte at det ikkje var satt av mykje tid og resursar til dette arbeidet. Attestasjonen frå revisor blir difor med atterhald om at det er ein avgrensa kontroll, som vil gje moderat tryggleik.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 til orientering.

SAK 25/20 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Rekneskapsrevisor Holst-Larsen gjorde greie for erklæringa, som skal leggjast fram for utvalet kvart år. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 26/20 ORIENTERING OM REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2020

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar revisjonsplan 2020 for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimisrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Rekneskapsrevisor Holst-Larsen orienterte og viste planen på skjerm. Ho fokuserte på risikokartet, kor dei lyseblå felta viste fokusområder for revisjonen. Det gjaldt budsjettprosessen, oppfølging av vedtak og offentlig støtte. Det hadde vore gjennomført interimisrevisjon. Revisor svara på spørsmål om mellom anna offentlig støtte, sjølvkost og meirverdiavgift. Utvalet hadde ingen merknader til planen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Etne kontrollutval tar revisjonsplan 2020 for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

SAK 27/20 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2021**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2021:

Måndag: 08.02, 10.05, 20.09 og 08.11 – kl. 13.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2021:

Måndag: 08.02, 10.05, 20.09 og 08.11 – kl. 13.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 28/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.11.20

23. Statusrapport pr. november 2020
24. KST vedtak 17.09.20, sak 40/20 - Reglement til kontrollutvalet
25. KST vedtak 27.10.20, sak 51/20 – Oppfølging rapport «Innkjøp»
26. KST vedtak 27.10.20, sak 55/20 – Plan for eigarskapskontroll
27. KST vedtak 27.10.20, sak 56/20 – Plan for forvaltningsrevisjon
28. KST vedtak 27.10.20, sak 57/20 – Val av revisjon frå 01.07.21
29. Reglement for kontrollutvalet - etter KST vedtak
30. Protokoll frå repr. møte i Krisesenter Vest IKS 27.10.20
31. Protokoll frå repr. møte i Haugland brann og redning IKS – 13.11.20
32. Innkalling til repr. møte i HIM IKS – 02.12.20
33. Innkalling til repr. møte i Haugaland Vekst IKS 11.12.20
34. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
35. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalget
36. Kommunedirektøren kan ikke endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet – svarbrev frå KMD
37. Foreløpig invitasjon til Forum for kontrollutvalg i Rogaland sin konferanse i Sandnes 25.02.21
38. Medlemsinformasjon november 2020 – frå FKT

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.20:

Sekretæren orienterte om referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.20:

Referatsakene 23 – 38 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 08.02.21, kl. 13.00

Saker: orientering frå kommunalsjef for helse og omsorg, rapport om «Forum for oppvekst i Sunnhordland», prosjektplan for «Trygt og godt skulemiljø» og årsmelding.

Etne/Aksdal, 23.11.20

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.02.21	02/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/KOMMUNALSJEF HELSE OG SOSIAL

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for helse og sosial om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 18.05.20, sak 11/20 følgjande:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

21.09.20 *fellestenester v/kommunedirektør*
23.11.20 *oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik*

2021

08.02.21 ***helse og omsorg v/kommunalsjef Selland***
10.05.21 *utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg*
20.09.21 *økonomi v/økonomisjef Ballarin*
08.11.21 *personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken*

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei sendt kommunedirektøren 26.05.20.

Sekretariatet vil gjere framlegg om følgjande tema (berre rettleiande):

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

Dei tilsette

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 01.02.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	08.02.21	03/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «TRYGT OG GODT SKULEMILJØ»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Trygt og godt skulemiljø» i samsvar med vedlagte prosjektplan/og med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

Saksvedlegg: «Trygt og godt skulemiljø» – prosjektplan frå Deloitte AS

Saksorientering:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 23.11.20, i sak 23/20:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Trygt og godt skulemiljø» til neste møte.

Deloitte AS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektplanen som er vedlagt saka. Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Revisjonen har utarbeidd følgjande problemstillingar:

1. I kva grad arbeider skulane i kommunen kontinuerleg for å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen?

- I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit godt psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?*

- b. *I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?*
- c. *Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?*
- d. *I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?*
 - i) *Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?*
 - ii) *I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?*
 - iii) *I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?*

2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

- a) *Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?*
- b) *I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?*
- c) *I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?*
- d) *I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?*
- e) *I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?*
- f) *I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?*

3. I kva grad har kommunen som skuleeigar etablert internkontroll som er eigna til å avdekke avvik og risiko for avvik når det gjeld reglane som går fram av opplæringslova kapittel 9 A, og ved behov følgje opp med risikoreduserande tiltak?

- a) *I kva grad innhentar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A til å kunne avdekke avvik eller risiko for avvik?*

b) I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

Teamet vil bestå av prosjektleiar Line Margrete Johansen og Annbjørg Ryssdal. Oppdragsansvarleg partner vil vere Birte Bjørkelo.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 250 timar. Det inkluderer førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

I utvalet sitt framlegg til budsjett er det lagt inn 250 timar til kjøp av revisjonsrapportar i 2021.

Revisor skriv at arbeidet med prosjektet vil kunne starte opp i februar og anslår at rapporten vil kunne leverast innan utgangen av juni 2021.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 01.02.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Etne kommune

Trygt og godt skulemiljø

Prosjektplan

Januar 2021

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterium	4
3	Metode	7
4	Tid og ressursbruk	8

«Forvaltningsrevisjon av trygt og godt
skulemiljø - prosjektplan»

Januar 2021

Prosjektplanen er utarbeidd for Etne
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 23. november 2020, sak 23/20 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø i Etne kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad arbeider skulane i kommunen kontinuerleg for å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen?

- a) I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit godt psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
- b) I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
- c) Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
- d) I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
 - i) Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
 - ii) I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
 - iii) I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?

2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

- a) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- b) I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- c) I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
- d) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
- e) I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
- f) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

3. I kva grad har kommunen som skuleeigar etablert internkontroll som er eigna til å avdekke avvik og risiko for avvik når det gjeld reglane som går fram av opplæringslova kapittel 9 A, og ved behov følgje opp med risikoreducerande tiltak?
- a) I kva grad innhentar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A til å kunne avdekke avvik eller risiko for avvik?
 - b) I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle kommunale grunnskular i Etne kommune, samt oppfølginga av barn i grunnskulepliktig alder. Vaksenopplæringa og eventuelle friskular er såleis ikkje omfatta av prosjektet. Vidare er prosjektet avgrensa til å handle om det psykososiale skulemiljøet. Det fysiske skulemiljøet, til dømes inneklima og standarden på bygningsmassen, er ikkje omfatta av prosjektet.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Internkontroll

Ansaret til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Elles gjeld kommunelova sine føresegn om internkontroll også for skulane. Av kommunelova § 25-1 går følgjande fram:

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

2.2.2 Elevane sitt psykososiale skulemiljø

Kapittel 9 A i opplæringslova omhandlar skulemiljøet til elevane. Kapittelet tar for seg både fysisk og psykososialt skulemiljø.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø og krav om førebyggjande arbeid

Av § 9 A-3 i opplæringslova går følgjande overordna krav til skulemiljøet fram:

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3 2017* går det fram at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.¹

Internkontrollkrava i kommunelova (sjå over) inneber krav til systematisk arbeid for å avdekke avvik og risikoar for avvik, slik at det ved behov kan setjast i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir etterlevd. Systematisk skulemiljøarbeid skal vere ein del av kommunen sin internkontroll i medhald av krav i kommunelova.

¹ Utdanningsdirektoratet. *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

Digital krenking

Forarbeida til nytt kapittel 9 A stadfester at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.² Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistriksel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det. Dette er til dømes relevant for digitale krenkingar.

Utdanningsdirektoratet understrekar at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletid, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen. Skulen skal vidare ta tak i digitale krenkingar på same måte som andre mobbesaker, ved å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke saka og setje inn eigna tiltak. Utdanningsdirektoratet tipsar skulane mellom anna om å lære elevane digital dømekraft, og ha oppdaterte planar med etiske spelereglar, nettvetsreglar og førebygging mot digital mobbing.³

Handtering og oppfølging av konkrete tilfelle der skulemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane. Aktivitetsplikta skal bidra til å sikre at elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2, blir ivareteke.

Opplæringslova § 9 A-4 første til femte ledd definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017* blir kvar av handlingspliktene meir utdjupa, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider* ved skulen, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

Eleven sin rett til å bli høyr

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyr og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv er desse rettane også forankra i Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 og 12.⁴

Ifølgje forarbeida skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Dette gjeld plikta til å følgje med, varsle, undersøke og eventuelt setje inn tiltak. Skulen skal sørgje for *alle* involverte elevar blir høyr, og forarbeida understrekar at dette omfattar både elevar som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og andre elevar som er direkte påverka eller involvert i saka. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyr i saka som den eleven som krenkt.⁵

Utarbeiding av skriftleg plan

I opplæringslova § 9 A-4 sjette og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse

² Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

³ Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjere med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

⁴ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

⁵ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. Side 29.

- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløyyst når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.⁶ Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A, at bokstav a) til e) berre er minimumskrav.⁷

Dokumentasjonskrava til skulen er ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Udir-3 2017* todelte; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Kravet til dokumentasjon er at den skal sørgje for tydeleg informasjon til elevar og foreldre, samt at saka og kva som er gjort blir etterprøvbart.

Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

§ 9 A-5 i opplæringslova pålegg tilsette ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Frå forarbeida går det fram at dei fem delpliktene som gjeld for § 9 A-4, også gjeld for § 9 A-5.

⁶ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020. Side 26.

⁷ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Relevant regelverk og utdypande føringar frå nasjonale mynde vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen sine retningslinjer og rutinar, og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m., bli samla inn og analysert. Også dei siste års tilstandsrapportar for grunnskulen i kommunen vil vere relevant dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen. I tillegg til overordna dokument frå kommunen, vil vi etterspørje utvalde dokument frå skulane. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert i forhold til revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Etne kommune som er involvert i arbeidet med å sikre eit trygt og god skulemiljø. Personar som er aktuelle for intervju er kommunalsjef for oppvekst og kultur og eventuelt andre på overordna nivå i kommunen med ansvar for oppfølging av grunnskulane, samt rektorar ved begge grunnskulane i kommunen. I tillegg ønskjer revisjonen å gjennomføre eit gruppeintervju med lærarar ved begge skulane i kommunen. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 5-6 intervju.

3.3 Spørreundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørreundersøking til rektorane, samt alle lærarane og andre tilsette (t.d. assistentar) ved grunnskulane i kommunen for å få informasjon om korleis skulane jobbar med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. Spørsmåla i undersøkinga vil kartleggje sentrale forhold knytt til ivaretaking av aktivitetsplikta, oppfølging av mobbesaker, og det å arbeide systematisk og kontinuerleg for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. I tillegg til spørsmål med førehandsdefinerte svarkategoriar, vil vi leggje til rette for at respondentane også kan gi utfyllande informasjon i opne svarfelt. Anonymiteten til dei som svarer på spørreundersøkinga vil bli ivareteke, men dei vil bli bedt om å svare på kva skule dei arbeider ved. Dette inneber at rektorane i praksis ikkje vil vere anonyme.

3.4 Stikkprøvegjennomgang

Revisjonen vil be om anonymisert oversikt over saker der det førre skuleår og så langt i skuleåret 2020/21 har blitt konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Basert på ei slik oversikt vil revisjonen velje ut seks enkeltsaker for gjennomgang og kontroll av korleis saka er følgt opp. Det vil vere fokus på utarbeiding av ein skriftleg plan i medhald av krav i opplæringslova, involvering av eleven sjølv og eleven sine føresette, samt evaluering av tiltak som blir sett i verk.

Stikkprøvene vil bli fordelt på begge skulane.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei som har blitt intervjuet for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil ble vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Line Margrete Johansen (director), og Annbjørg Ryssdal (seniorkonsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 250 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere februar 2021 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av juni 2021. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju og svarer på spørjeundersøkinga innanfor fastsette fristar.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Etne kommune og Deloitte.

Bergen, 25. januar 2021



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.02.21	04/21

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

INVITASJON TIL DELTAKING I FORVALTNINGSREVISJON AV HAUGALANDSPAKKEN

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar Rogaland fylkesting sin invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

Alternativt:

Etne kontrollutval sluttar seg til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken i samsvar med vedlagt mandat.

Mandatet for undersøkinga godkjennast slik den ligg føre, men med også følgjande tillegg:
..... (må konkretiserast)

Meirkostnader som vil følgje kontrollutvalet sine tilføyningar i prosjektmandatet, er utvalet innforstått blir dekkja av kontrollutvalet, med eit øvre tak på timar..

Rogaland fylkeskommune kontroll- og kvalitetsutval får mynde til å godkjenne tillegg/justeringar i mandatet som følgje av kommunen si deltaking i forvaltningsrevisjonen.

Vedlegg: Prosjektmandat, vedtatt av FT og utarbeidet av Rogaland Revisjon IKS
Rogaland fylkesting sitt vedtak 08.12.20, sak 158/20

Bakgrunn

Kontrollsjef Mette Jensen Moen v/kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat Rogaland fylkeskommune har i oversendelse den 14.12.20 skrevet til kontrollutvalgene i deltakinge kommuner i Haugalandspakken og kontrollutvalget i Vestland fylkeskommune følgende:

Kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune vil gjennomføre en forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken.

Fylkestinget godkjente et prosjektmandat for undersøkelsen i forrige møte den 08.12.20. Se vedlagte FT-sak 158/20.

Vår revisor Rogaland Revisjon IKS har fått oppdraget med å skrive rapporten.

Kontroll- og kvalitetsutvalget har registrert interesse fra andre deltakerkommuner i Haugalandspakken om å få delta i forvaltningsrevisjonen.

Alle kontrollutvalgene inviteres med dette til å delta i prosjektet.

Fylkestinget i Rogaland har godkjent prosjektmandatet for forvaltningsrevisjonen som gjøres på oppdrag fra kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune.

Andre kontrollutvalg gis anledning til å gjøre tilføyelser i dette prosjektmandatet, under forutsetning av at merkostnader som da eventuelt påløper, også bekostes av de kontrollutvalgene som ønsker endringer av mandatet. Rogaland Revisjon IKS vil kunne bistå kontrollutvalgene med nødvendige avklaringer.

Endelig prosjektmandat godkjennes av Kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune.

Det er ønskelig med rask avklaring fra kontrollutvalgene om det er aktuelt med deltakelse i prosjektet. Rogaland Revisjon IKS vil starte sitt arbeid rett over nyttår.

Ta gjerne kontakt om dere har spørsmål.

Rogaland kontroll- og kvalitetsutvalget diskuterte fremdriftsplanen for forvaltningsrevisjonen i møtet 26.11.20, sak 59/20. Det ble av utvalget gjort en avveining mellom hvor raskt arbeidet kunne komme i gang og hvor bred involvering det er rom for før prosjektet starter opp. Det var enighet i kontroll- og kvalitetsutvalget om å sende prosjektmandatet til fylkestinget for godkjenning før jul. Utvalget ønsket at Rogaland Revisjon IKS startet arbeidet så snart som mulig. Invitasjon til kontrollutvalgene til de andre deltakerkommunene i Haugalandspakken skulle så sendes etter at fylkestinget har godkjent prosjektmandatet for Rogaland fylkeskommune.

Kontrollutvalgene har nå fått anledning til å gjøre tilføyelser i mandatet, under den forutsetning av at merkostnadene som da eventuelt påløper, også bekostes av det enkelte kontrollutvalg. Rogaland Revisjon IKS vil kunne bistå kontrollutvalgene med nødvendige avklaringer.

Saksopplysninger

Haugalandspakken er en bompengepakke som geografisk innbefatter Rogaland fylkeskommune med kommunene Karmøy, Haugesund, Vindafjord, Tysvær og Bokn pluss Vestland fylkeskommune med kommunene Sveio og Etne. Pakken har en varighet frem til sommeren 2023.

Haugalandspakken omfatter hovedsakelig en standardheving av de to viktigste transportårene gjennom regionen: E-134 mellom Haugesund og Etne og fv 47 gjennom de syv

involverte kommunene. I tillegg har det vært aktuelt å gjennomføre tiltak på E39 og på fylkesveier.

Selskapet er blitt tatt inn som prosjekt i kontroll- og kvalitetsutvalgets plan for forvaltningsrevisjon for 2021-2024. Planen ble lagt fram for fylkestinget til godkjenning i desember 2020.

Prosjektmandatet

Rogaland Revisjon IKS har utarbeidet et mandat for en forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken. Formålet med prosjektet er å **evaluere den overordnede styringen** av Haugalandspakken for å danne et grunnlag for organisatorisk læring.

Prosjektet skal svare ut følgende problemstillinger:

1. Forutsetninger og porteføljestyring

– Hvilke forutsetninger lå til grunn for Haugalandspakken?

Og har forutsetningene blitt endret underveis?

Både forutsetninger som lå til grunn for pakken og statlige krav/føringer.

– Hvordan fungerte porteføljestyringen for prosjektene i pakken?

o Herunder vurderes bakgrunnen for endringer i opprinnelige prognoser.

2. Rapportering og beslutningsprosesser

– Hvordan har beslutningsprosessene og rapporteringsflyten i Haugalandspakken fungert?

3. Enkeltprosjekter

– I hvilken grad har beslutningsprosessene, planlegging og rapporteringen i enkeltprosjektene fungert på en god måte?

4. Læring

– Hvilke lærdommer kan trekkes fra gjennomgangen av Haugalandspakken?

Metodisk vil det benyttes intervju og dokumentasjonsgjennomgang. Det er anslått at det vil medgå **500 timer** til oppdraget. Det utgjør 40 % av fylkeskommunens budsjett til forvaltningsrevisjon.

Fra fylkeskommunen er det ønskelig med rask avklaring av deltakelse fra andre kommuner. Rapporten skal leveres i løpet av 2021.

Dersom det er behov for avklaringer, har Rogaland Revisjon IKS tilbudt seg å delta ved kontrollutvalgsbehandlingen i aktuelle kommuner. De aktuelle kommunene er: Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Etne. De skal ha sine kontrollutvalgsmøter i perioden fra 26.01.21 til 15.02.21.

En tidsplan med at kontroll- og kvalitetsutvalget skulle behandle et endelig mandat i sitt møte 04.02.21 og fylkestinget til godkjenning den 23.02.21 er derfor ikke realistisk. Mandatet vil nok trolig bli lagt fram for fylkestinget i det påfølgende møtet den 27.04.21.

Ordfører i Karmøy kommune sendte den 10.11.20 brev til Rogaland fylkeskommune hvor han viste til formannskapet i møtet 02.11.20 hadde drøftet kommende revisjon etter en oversendelse fra kommunestyret. I brevet framgår bl.a følgende:

Formannskapet finner det naturlig at Karmøy, som viktig part i gjennomføringen av Haugalandspakken, får anledning til å delta i utarbeidelsen av mandatet for den kommende revisjonen. Med samme begrunnelse ser formannskapet det som en selvfølge at kommunen blir holdt løpende orientert om arbeidet, og de konklusjoner som til slutt blir trukket.

Arbeidet med en Haugalandspakke 2 er som kjent startet og en forvaltningsrevisjon slik fylkestinget nå har vedtatt å gjennomføre, vil være et særdeles viktig element og fundament for et mulig vedtak om at en framtidig pakke, i en eller annen form, skal gjennomføres.

Sekretariatets vurderinger

Sekretariatet er enig i at en forvatningsrevisjon av Haugalandspakken synes å være viktig, og finner foreslåtte problemstillinger i prosjektmandatet interessante. Imidlertid kan ikke sekretariatet se behov for ytterligere problemstillinger knyttet til Etne sin deltakelse av og/eller involvering i selskapet. Dette kan av enkelte oppfattes som en defensiv holdning, men sekretariatet mener utvalget skal ikke overprøve politiske prioriteringer eller drive partipolitikk. Mye av misnøyen med pakken er knyttet til at det er blitt et betydelig misforhold mellom planlagte prosjekter og realiserte prosjekter siden etableringen av pakken.

